



Lisbeth Bygstad Celik

Dato: 07.03.2017

Vår ref.: 2015/8955-20

Saksbehandlar: rutornh

Dykkar ref.:

Flytting av biblioteket i Eidfjord

22.11.2016 fekk vi melding om at Eidfjord kommune aksepterer tilskotet frå Hordaland fylkeskommune på kr. 100 000,- og gratis konsulenttenester. Vidare heiter i det i vedtaket frå Eidfjord formannskap, at Eidfjord bibliotek vert flytta ned i 1. etasje og samarbeider med tenestetorget om publikumsretta tenester. Eigenandelen til Eidfjord kommune på kr. 100 000 vert finansiert av disposisjonsfond og driftsbudsjettet.

I samband med at fylkesbiblioteket hjelpte med å aktualisere samlinga i biblioteket i Eidfjord 24. januar, var det synfaring i det som er tenkt som nye lokale for biblioteket. Det kom fram at arealet som skulle nyttast til bibliotek ikkje var heilt klarlagt, og at det ikkje er avsett nok midlar til tilrettelegging av romma.

Løyvinga til Eidfjord er gjeve med etterhald om flytting til 1. etasje. Biblioteket vil verte meir tilgjengeleg og får betre føresetnader for å oppfylle krava i Biblioteklovens §1 om å drive aktiv formidling vere ein møte-plass og arena for offentleg debatt.

Vi har henta inn prisar frå ulike interiørarkitektar til modernisering av sju bibliotek i Hordaland. I prisførespur-naden heiter det om Eidfjord folkebibliotek: *Biblioteket held til i tredje høgda i kommunehuset, men skal flyttast til gateplan. Samarbeid med tenestetorget vil gjøre tenesta meir robust og opne opp for eit meirope bibliotek innan for gitte rammer. Lokale biblioteket skal flytte inn i er ikkje klart, difor kan vi ikkje gje ei fullgod beskrivelse av oppdraget. Planløysing, soneinndeling og framlegg til inventarinnkjøp vil vere viktige oppgåver i dette delprosjektet.*

Vi har no fordelt oppdraga med modernisering til tre ulike tilbydarar. BS Eurobib har fått tildelt Eidfjord. Prosjektet blir sett i gang så snart vi mottar oversikt og framdriftsplan for flytting og lokaliseringa av biblioteket i 1. etasje. Det nye lokalet må tilfredsstille visse minimumskrav for at vi kan gå vidare med prosjektet. Det må vere universelt utforma, framstå som tenleg for formålet og ha ein viss storleik. Fylkesbiblioteket er gjerne med på ein dialog om lokala før vi går vidare til interiørarkitekten. I første omgang vil eg gjerne ha tilbakemelding på om det er realistisk å møte desse krava og om det er mogleg å få i gang arbeid i vår.

Venleg helsing

Ruth Ørnholst
Fylkesbiblioteksjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Timo Knoch